



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 12/20

Møtedato: 20.02.2020

Dato: 24.01.2020

Arkivsaknr: 2011/7569

Budsjettpost for open publisering

Tilvising til bakgrunnsdokument

- Styresak 28/16, [Budsjettpost for åpen publisering](#)

Saka gjeld:

UiB har sidan 2013 hatt ein budsjettpost for støtte til open publisering. Budsjettposten er eit tiltak for å auke graden av open publisering ved UiB. I tråd med styrevedtak frå 2016 har ordninga vorte evaluert i 2019.

Det er i handsaminga vurdert om og i kva form budsjettposten skal vidareførast. Aukande søknadstal til budsjettposten har medført auka kostnader. Desse kostnadane kjem i tillegg til auka kostnader knytt til nye avtaler om open publisering som er inngått med dei store forlaga. Av økonomiske omsyn har det vore naudsynt å gjere endringar i tildelingskriteria. Frå 1. januar 2020 er støtta til open publisering i abonnementstidsskrift (hybrid open tilgang) fjerna. I tillegg er det lagt avgrensingar på støttebeløp både for artiklar og bøker. Den årlege ramma på 5.5 millionar kroner vert vidareført ut 2021 og budsjettposten skal vurderast på nytt før 2022.

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret tek saka til orientering.

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

24.01.2020/Tormod E. Strømme/Maria-Carme Torras Calvo (avd.dir.)

Vedlegg:

1. Saksframstilling
2. Utvikling av tal på søknadar og kostnader for budsjettpost for open publisering (oktober 2016-2019)

Saksframstilling

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
12/20

Møtedato:
20.02.2020

Arkivsaksnr:
2011/7569

Budsjettpost for open publisering

Bakgrunn

UiB har sidan 2013 hatt ein budsjettpost for støtte til open publisering. Budsjettposten er eit tiltak for å auke graden av open publisering ved UiB. Dei tre fyrste åra var dette ei prøveordning som inkluderte uavgrensa støtte til open publisering i opne tidsskrift, abonnements-tidsskrift (hybrid open publisering) og open publisering av bøker. Prøveordninga vart evaluert av ei arbeidsgruppe i 2015 og rapporten frå arbeidsgruppa danna grunnlag for universitetsstyret si handsaming av saka i 2016. Universitetsstyret vedtok å vidareføre budsjettposten, men med avgrensa støtte til hybrid open publisering.

Føringane for budsjettposten vedtatt av universitetsstyret i 2016 var:

- Først gis 100 % støtte til ren åpen publisering
- Deretter gis 50 % støtte til hybridpublisering på nivå 2
- Total støtte skal være innenfor en fast årlig budsjettsum på 5,5 mill. kroner
- Støtten gis frem til og med 2019 og vurderes på nytt før 2020.

Universitetsdirektøren kommenterte at økonomi og omsyn til ein felles framgangsmåte i sektoren bør vege tungt og at gjeldande praksis i hovudsak er at det vert gjeve støtte til publisering i opne tidsskrift og ikkje hybridpublisering. Modellen som vart vedtatt ville på sikt fase ut støtte til hybridpublisering fordi rein open publisering ville auke og etter kvart krevje meir av den faste budsjetttramma.

Utvikling

Sidan 2016 er det fleire utviklingstrekk som direkte eller indirekte påverkar budsjettposten. Regjeringa vedtok nasjonale mål og retningsliner for open tilgang til vitskaplege artklar i 2017. Forskingsrådet har slutta seg til Plan S med strengare definerte krav om open publisering. Samstundes har arbeidet med nasjonale avtalar med forlaga som involverer open publisering vorte intensivert. Dette arbeidet har resultert i avtalar med dei fire store forlaga Wiley, Elsevier, SpringerNature og Taylor & Francis. Dei nasjonale avtalane om open publisering vil medføre at det vert ei auke i talet på artklar som vert ope publisert. Desse avtalane dekkjer førebels i all hovudsak open publisering i abonnements-tidsskrift og i mindre grad publisering i opne tidsskrift.

Forskingsrådet har utvida støtteordninga for open publisering (STIM-OA) med tre år til 2022. Denne ordninga skulle i utgangspunktet avviklast i 2019. STIM-OA dekkjer inntil 50% av institusjonane sine kostnadar til open publisering. Støtte vert søkt om etterskotsvis og dekkjer berre utgifter til publisering i opne tidsskrift som er registrert i Directory of Open Access Journals (altså ikkje hybrid open publisering).

Det er no tydelege forventningar og krav til institusjonar og forskarar frå myndigheitene og finansiørar om open publisering og open tilgang til forskingsresultat. Samstundes er det ei forventning frå regjering og Forskingsrådet om at institusjonane skal bidra til å dekke kostnadar til open publisering.

Bruk av budsjettposten

I perioden 1. oktober 2016, då dei nye retningslinjene for budsjettposten vart innført, til 5. desember 2019, er det mottatt 931 søknadar. Av desse søknadane er 860 innvilga. Det har vore ei gradvis auke i tal på søknadar til budsjettposten frå 2016 og fram til i dag. Rundt 70% av søknadane er for publisering i opne tidsskrift. Støtte til open publisering av bøker er relativt liten i tal på bøker, men utgjør likevel ein stor kostnad då kvar enkelt bok i regelen er svært kostbar. Dei tre siste åra har budsjettposten innvilga stønad før høvesvis 4,4 mill. kroner, 5,9 mill. kroner og 7,2 mill. kroner (per 5. desember 2019). Sjå vedlegg for meir detaljert informasjon om tal på søknadar og kostnader.

Budsjettsummen på 5,5 mill. kroner vart i 2019 overskride i september. Prognosen for budsjettposten for 2019 tilseier eit forbruk på nærare 8 millionar kroner. Av desse vil om lag 1,5 millionar kroner verte refundert frå NFR gjennom STIM-OA-ordninga. Den store auka frå 2018 til 2019 skuldast auka støtte til bøker. Det har tidlegare vore ei årleg auke i søknadar om støtte til artikkel, men frå 2018 til 2019 har det vore ein nedgang. Reduksjonen skuldast færre søknadar til hybridpublisering. Talet på søknadar for å publisere i opne tidsskrift er om lag det same i 2019 som i 2018, men det har likevel vore ei kostnadsauke det siste året som skuldast faktorar som prisvekst og svak kronekurs. Det er venta at det framleis vil vere auka kostnader knytt til artikkelpublisering. For bøker er det svært vanskeleg å gje nokon prognose, då tala er svært små og varierer mykje frå år til år.

Administrasjon av budsjettposten

I samråd med fakulteta vart det ved etableringa av budsjettposten i 2013, vedtatt at ordninga skulle administrerast sentralt av Universitetsbiblioteket. Sentral administrasjon av budsjettposten har sikra ein felles tildelingspraksis. Dei administrative omkostningane er også minimert ved at kvart fakultet eller eining ikkje treng å administrere søknadar og byggje opp kompetanse på open publisering. Det har også vore enklare å søkje Forskningsrådet om refusjon om utlegg til open publisering gjennom STIM-OA-ordninga, når det er ei sentral oversikt over open publisering ved institusjonen.

Støtteordningar (publiseringsfond) ved andre institusjonar

Dei fleste norske universitet og høgskular har publiseringsfond for støtte til open publisering. Kriteria for tildeling er i all hovudsak samanfallande. Det vert gjeve støtte til publisering i opne tidsskrift, det vert også i regelen gjeve støtte til open publisering av bøker og bokkapittel, medan det er få publiseringsfond som gjev støtte til hybridpublisering. Mange av publiseringsfonda har innført avgrensingar i støtte til open publisering av bøker basert på vurdering av total kostnad og andel eigne forfattarar.

Forslag til vidareføring av budsjettposten

Frå 2019 vart tildelinga til open publisering lagt inn i budsjetttramma til mediebudsjettet og vidareført for 2020. Det er etablert nye lisensavtalar med fleire store forlag som sikrar UiBs forfattarar høve til å publisere ope i ei rekkje abonnements-tidsskrift utan forfattarbetaling. Desse avtalane er økonomisk krevjande for UiBs mediebudsjett. I tillegg har auke i søknadstal til budsjettposten medført auka kostnader. Det er derfor føremålstenleg å gjere endringar i tildelingskriteria for budsjettposten. Å fjerne støtte til hybrid open publisering vil vere i samsvar med felles praksis i sektoren. Fjerning av støtte til open publisering i abonnements-tidsskrift vil ikkje leggje avgrensingar på kor forskarar kan publisere. Ved publisering i abonnements-tidsskrift vil det i regelen vere mogleg å gjere ein fagfelle-vurdert versjon av artikkelen ope tilgjengeleg gjennom UiBs vitenarkiv BORA. Dette vil oppfylle

nasjonale og internasjonale forpliktingar om open tilgang. Det bør også leggjast avgrensingar i storleiken på støtte, både for artiklar og bøker. Når det gjeld bøker bør det vere eit krav at heile boka må gjerast open tilgjengeleg. Støtte til open publisering av antologiar bør vurderast ut frå totalkostnad og tal UiB-forfattarar.

Universitetsdirektøren sine kommentarar

Støtte til open publisering er lagt inn i budsjetttramma for mediekjøp frå 2019. Det har vore gjennomført ein revisjon av støtteordninga til open publisering som er godt forankra i den faglege leiinga ved UiB.

Etter universitetsdirektøren si vurdering har det vore naudsynt å gjere endringar i tildelingskriteria for budsjettposten. Det er såleis gjort endringar som er i samsvar med felles praksis i sektoren og som også tek omsyn til den økonomisk krevjande situasjonen i høve til dei lisensavtalane som no er inngått med dei store forlaga. Gjennom endringane gir UiB framleis god støtte til open publisering samstundes som ein har kontroll over dei økonomiske rammene. Budsjettposten er vidareført etter følgjande prinsipp og avgrensingar:

- Budsjettposten gjev støtte til dekning av forfattarbetaling (APC) i opne tidsskrift med inntil NOK 30 000 + mva.
- Budsjettposten gjev støtte til dekning av forfattarbetaling (BPC) for open publisering av bøker. Det er eit krav at heile boka må gjerast open tilgjengeleg. Storleik på støtte til open publisering av antologiar vil verte vurdert ut frå totalkostnad og andel UiB-forfattarar. Støtte til open publisering av monografiar skal ikkje overstige NOK 100 000 + mva.
- Total støtte skal vere innanfor ein fast årleg budsjettsum på 5.5 millionar kroner.
- Budsjettposten vert vidareført ut 2021 og vert vurdert på nytt før 2022.



Universitetsbiblioteket har utarbeidd nye retningslinjer for tildeling basert på dei overordna prinsippa.

Desse prinsippa gjeld for den sentrale støtteordninga for open publisering. Fakulteta kan velje å ha andre prinsipp for støtte til open publisering.


Retningslinjene gjeld frå 01.01.2020.

24.01.2020/Tormod E. Strømme/Maria-Carme Torras Calvo (avd.dir.)

Utvikling av tal på søknadar og kostnadar for budsjettpost for open publisering (oktober 2016-2019)



Innvilga støtte (kroner) per eining oktober 2016 - desember 2019



Tal på innvilga søknadar per eining oktober 2016 - desember 2019

